

Mineraler i Vinstradalen, Oppdal

Tor Witsø

Oppdal er like stort som heile Vestfold og mesteparten er fjell. Skildnad i alder på dei eldste og yngste bergartane er om lag ein milliard år. Det er ikkje underleg at her finnes og er funne mykje interessant, faktisk så mykje at vi her må avgrense oss til eit mindre område. Det var naturleg å velge Vinstradalen. Her er to område som er svært mineralrike. Ein kontaktzone i ein krystallinsk kalkstein ved Vinstra elv og ein serpentinkropp oppe i Risberget er dei to mest spennande plassane.

I kontaktsona finn ein vanlege skarnmineral som diopsid, vesuvian, tremolitt, aktinolitt, grossular og andraditt. Mellom diopsid og kalsitt-marmor kan ein sjå kvit dolomitt. Funnet av den smaragd-grøne Ca/Cr-granaten uvarovitt var nok det mest spennande. Elles er det rikeleg med epidot og clinozoisitt. Ved sida av skarnminerala finnes magnetitt som dryge massar eller som små krystallar i marmoren, ofte sammen med andraditt. Kåppårkis finnes i små mengder i magnetittmassane. Elles er det i lausblokker funne skapolitt, ferroaxinitt, dravitt og daviditt. Metamikt amorft daviditt opptreer som små svarte korn med ei mørkraud ring kring seg i ein raudleg felsaktig orthoklas. Eit liknande funn av eit mineral i chrichtonitgruppen er rapportert av Mathiesen (1970) fra Bidjovagge. I Vinstradalen er orthoklasblokkene ofte omgitt av ein lys gulbrunn dolomitt og dei opptreer i relativt rikelege mengder. Av ferroaxinitt og skapolitt er det gjort eit einaste funn av kvar, mens dravitt er vanleg sammen med marmorlinser i fyllitten. Pyritt, hematitt og raud og fiolett hematitt-oker er vanleg. Under eit overheng er det rikeleg med slavikitt.

Fra skarnforekomsten i Vinstradalen er disse mineralene påvist: *albitt, andraditt, chalkopyritt, clinozoisitt, daviditt, diopsid, dolomitt, dravitt, epidot, ferroaxinitt, grossular, grüneritt, hematitt, magnetitt, magnetkis, orthoklas, pyritt, skapolitt, uvarovitt, vesuvian.*


Lenger sør ligg ei stor setergrend og på sørsida av dalen opp mot Risberget ligg ein serpentinkropp. Forekomsten heiter Svartholhaugan. Her dreiv dei fram litt krommalm under første verdenskrigen. Krommineralet er kromitt. Det ligg innleira i en lilla klinoklor. Serpentina er uvanleg mineralrik. Hovudmineralet er lizarditt, men litt antigoritt og clinochrysofil er og påvist. I malmen er funne gedigen kåppår, elles er det mykje magnetitt, magnesitt, kalsitt og talk, Her er ei heil rad med sekundærmineral slik som hydromagnesitt, hexahydritt, brucitt, nesquehonitt, aragonitt, dolomitt og artinitt. Det siste opptreer som tette matter av små krystaller eller som små halvkuleforma aggregat, og er første og hittil einaste funn i Norge. Eit anna funn er enno uidentifisert, men er truleg ein sekundært, magnesiumrik amfibol som liknar jimthompsonitt (S. Bergstøl, personlig meddelelse).

Fra serpenteforekomsten ved Svartholhaugan er disse mineralene påvist: *aktinolitt, antigoritt, aragonitt, artinitt, brucitt, clinoklor, clinochrysofil, dolomitt, flogopitt, hexahydritt, hydromagnesitt, kalsitt, kobber, kromitt, lizarditt, magnesitt, malakitt, magnetitt, nesquehonitt, talk, tremolitt, uvarovitt.*

Vi takker følgende personar som har identifisert mineral fra Oppdal: E. Wulff Pedersen (Geologisk Museum, Oslo), H. Hatling og G. Juve (NGU, Trondheim), S. Bergstøl (NTNU, Trondheim), A. O. Larsen (Norsk Hydro, Porsgrunn) og I. Th. Rosenquist (Geologisk Institutt, Oslo).

Referanser

MATHIESEN, C. O. (1970): An occurrence of unusual minerals at Bidjovagge, Northern Norway. *Norges Geologiske Undersøkelse* **266**, 86-104.



Olivin (forsteritt) i talk fra klebersteinen i Ørnberget, Oppdal.

Foto: Roger Bjerkan